

Årsmøte Etne sokneråd

Våren 2020

Sakliste

Sak 1 Årsmelding Etne sokneråd

Sak 2 Rekneskap Etne sokneråd

Sak 3 Rekneskap Etne bruktbu



Sideoversikt

Sakliste	1
Sokneråd og fellesråd Etne sokn	3
Årsmelding Etne sokneråd	5
Årsmelding Etne Bruktbu	8
Årsrapport Trusopplæring	9
Rekneskap Etne sokneråd	10
Rekneskap Etne bruktbu	11
Rekneskap gjevarteneste Etne kyrkje	12
Rekneskap Kyrkjeposten	13
Rekneskap gjevarteneste B/U arbeid	13
Årsrapport Etne kyrkjelege fellesråd	14
Årsstatistikk	16

Råd og utval Etne sokn

Sokneråd og fellesråd fram til nov. 2019

- Arnold Solheim Leiar
- Liv Sørheim Nestleiar
- Reidun Vae Holmen
- Grethe Tesdal
- Anne Jorunn Lindevik
- Astrid Ø Harboe
- Solgun Dalseid Vaa
- Grethe Håland Hjelmtveit
- Per Hjemdal

Varamedlemmer

- Knut Ole Matre
- Einar Kasper Sævareid
- Tore Harboe
- Tanja Therese Horneland Wiland

I fellesrådet sit desse medlemmene

- Reidar Leknes frå Skånevik sokneråd Leiar
- Reidun Holmen frå Etne sokneråd Nestleiar
- Arnold Solheim frå Etne sokneråd
- Jostein Lygre frå Skånevik sokneråd
- Sjur Aakra Kommunal representant
- Per Hjemdal sokneprest

Varamedlemmer

- Grethe Tesdal For Etne sokneråd
- Anne Jorunn Lindevik For Etne sokneråd
- Inger Mari Melkeraaen For Skånevik sokneråd
- Silje Malene Garvik For Skånevik sokneråd
- Lars Ebne For kommunal representant
- Stein Ove Skadal/Svein Arne Theodorsen For sokneprest

Soknerådet har desse medlemmene frå nov. 2019

- Anne Jorunn Lindevik Leiar
- Arnold Solheim Nestleiar
- Marta Onstein
- Elisabeth Vae Haaland
- Henriette Baustad Stople
- Sjur Aakra
- Astrid Fagerjord Harboe
- Reidun Solberg Sande
- Per Hjemdal geistleg representant

Varamedlemmer

- Tone Flokketvedt
- Bjørg Klungland
- Ragnhild Underhaug Ness
- Øyvind Kaldheim
- Margunn Kjellesvik Sandvik
- Egil Larsen Geistleg vararepresentant

I fellesrådet sat desse medlemmene

- Reidar Leknes frå Skånevik sokneråd Leiar
- Arnold Solheim frå Etne sokneråd Nestleiar
- Julie Røgelstad frå Skånevik sokneråd
- Sjur Aakra frå Etne sokneråd
- Kenneth Lynd Karlsen Frå Etne kommune
- Per Hjemdal sokneprest

Varamedlemmer

- Marta Onstein For Etne sokneråd
- Elisabeth Vae Haaland For Etne sokneråd
- Ole Vidar Melkeraaen For Skånevik sokneråd
- Annlaug Sævareid For Skånevik sokneråd
- Kari Johanson For kommunal representant
- Svein Arne Theodorsen For sokneprest

Årsmelding 2019 for Etne Sokneråd

Arbeidet i soknerådet

Etne Sokneråd har i 2019 hatt 8 møter, og handsama 94 saker.

Det sitjande soknerådet som starta året fungerte til det vart avløyst av det nye soknerådet den 29. oktober. Det har vore eit positivt og godt arbeidet i rådet kor medlemmene flittig har stilt opp når forskjellig skal gjerast og arrangerast. Tillaging og gjennomføring av arrangement, kakebaking og mykje meir. Det er inspirerande å vera ein del av eit slikt fellesskap.

30.april hadde me felles soknerådsmøte med Skånevik i nyrestaurerte «Løa på Frette» med ein trivelig kveld der me og markerte Per sin 50-årsdag.

Tek og med at 26. mai var det avslutningsgudsteneste for Stein Ove Skadal.

Sidan det dette året var val av nytt sokneråd var det «gamle» soknerådet i funksjon ut oktober. F.o.m. 29. oktober overtok det nye soknerådet

Soknerådsvalet

Soknerådsvalet vart gjennomført 11.september samstundes med stortingsvalet. Det var fleire av både medlemmer og varamedlemmer som gjekk ut då. Vil retta ei stor og varm takk til dei alle for den innsats dei gjorde dei siste 4 åra.

Valnemda som bestod av Per Hjeddal, Kåre Grønstad, Reidun Solberg Sande og Arnold Solheim hadde fleire møter/kontaktar og hadde ei heller lang liste etter kvart med navn på personar som vart kontakta og spurde om å stå på lista for soknerådsvalet. Til slutt enda me med ei liste med 15 gode kandidatar frå ulike område i kommunen.

Misjonsprosjektet.

Etne sokneråd støttar framleis arbeidet til Sat 7, som me byrja med 2015. Ein arabisk kristen satellitt- fjernsynssending i Midtausten. Dei har barneprogram, tema om helse og diskriminering, samt evangelisering.

Sjølv om det har vore ei omorganisering av arbeidet til Sat 7 har me avtale om å støtta same deler av arbeidet som før m.a. skuleundervisning for millionar av barn som lever i flyktningeleiarar i og utanfor Syria og Irak. Her får dei opplæring i matematikk, engelsk og arabisk, og er basert på offentlege læreplanar.

Økonomi

Eiga sak.

Brukbtua

Soknerådet er takksam for alt arbeidet som vert lagd ned på Bruktbua og for alle som er med der på forskjellig vis. Det er eit veldig viktig arbeid og er med på å letta økonomien for kyrkj

Kyrkjeposten

Kyrkjeposten vart utgitt med 3 utgåver. Per var redaktør og ellers var fleire med og bidrog med stoff og bilder. Mali Hjemdal har hatt layout. KM-karane har også dette året tatt på seg arbeidet med distribuering av Kyrkjeposten. Takk til alle som er med og bidreg til at dette vert gjennomført, og takk til dei som er med og bidreg økonomisk – enten med gåver eller annonser.

Arrangement

Kyrkjelyden sitt årsmøte vart avvikla 3. mars etter gudstenesta i Etne kyrkje, på torget med kyrkjekaffi.

- **Fastegudstenester ved Per Hjemdal**
- **21.febr. konsert ved Erlend Løvgren Auestad**
- **11.april konsert ved Osternes mannskor**
- **Konfirmantfesten var 28.april**
- **Fasteaksjonen var 20. mars**
- **Eldrefest i Etne 29. mars, andakt/kåseri ved Harald Grønnevik**
- **Dugnad på kyrkjegardane onsdag 10. april**
- **Friluftsgudsteneste på Fikse 2. juni i samarbeid med Ølen**
- **«Jonsokfeiring» etter Gudsteneste 23. juni i Etne kyrkje med grilling og forskjellige leikar**
- **Gospelkonsert med Gospel Explosion 1.september**
- **Prostidag i Sunnhordland prosti på Stord 24. september**
- **Besøk av Team Skjærgårds – 5 ungdommar frå Musikkfolkehøgskulen Viken i Gjøvik som reiste rundt og hadde opplegg for konfirmantane, både frå Vindafjord og Skånevik/Etne**
- **Bibelhelg 25. - 27. oktober**

- **Opne kyrkjer laurdag 2. november før Helgemesse**
- **Julekonsert 26. november med Skakkekoret**
- **Julekonsert 7.des. ved Tore Kloster m.fl.**
- **Julekonsert 16. desember i Etne kyrkje med lokale krefter**
- **Julekonsert 22. desember i Gjerde kyrkje ved ved Mellow**

Barne- og ungdomsarbeid

Etne sokneråd ynskjer at alle skal føla seg velkommen i kyrkja sitt arbeid. Det er eit bredd trusopplærings-arbeid i kyrkjelyden vår, der dei ulike årstrinna har sine tiltak. Det vert arrangert eigne skulegudstenester og tilbod retta mot barnehage.

Konfirmantarbeidet gjekk også dette året sin vante gang, med 35 konfirmantar. Konfcampen arrangert av Acta gjekk som vanleg dette året, med omtrent 250 ungdomar samla. Alle frå Etne deltok. Det vert og oppmuntra til å delta i det kontinuerlege barne og ungdomsarbeidet som vert drive i kyrkjelyden:

Tripp Trapp Treff Etne, Fredagsklubb, KRIK, KFUM/KFUK speidaren og Etne soul children og søndagsskulen.

Takk for alt arbeid frå leierar for å få dette til.

Diakoni

Det diakonale arbeid fortset som før. Det vert laga til eldresamlingar, og jubilantar får ei blomehelsing.

Takk

Me vil retta ei stor takk til dei tilsette i kyrkja. Takk for alle som gjer frivillig arbeid i Kyrkja og i alle organisasjonane som er med i arbeidet. Saman skal me bygga Guds rike.

Etne sokneråd

Arnold Solheim

Årsmelding Etne bruktbu 2019

Etne bruktbu har også i 2019 hatt eit bra år. Brutto salsinntekter var 59 835. Det rekneskapsmessige netto resultatet var 374 528. I 2019 vart det overført kr. 500 000 til finansiering av kyrkja.

Brukbtua har hatt ope onsdag, fredag og laurdag kl.11-16(15).

Kvar måndag er det samla ei gruppe for å prisa varer og rydda i butikken. Det blir og brukt mykje tid på henting og bringing av varer.

Det har vore ei gruppe som har hatt ansvar for litt vaktmeistertenester i og rundt Sæbøhuset. For dette fekk me reduksjon i husleiga. I 2019 vart Sæbøhuset sold, og denne vaktmeistertenesta fall då bort.


Det er mange personar som har vore meir og mindre med i arbeidet. Nnokre står i butikken, andre er med og hjelper til på andre måtar, mellom anna med køyring/henting av varer, og reparasjon av varer.

Aktiviteten på facebook-sida vår er framleis god, og me har nær 1200 følgjarar. Dette er vår viktigaste marknadsføringskanal.

Brukbtua har fått eit godt omdømme i distriktet, og me har både kundar og gjevarar frå eit stort område. Det er ein god atmosfære og høg trivselsfaktor for både medarbeidarar og kundar.

Styret har i 2019 bestått av: Reidun Sande, Liv Sørheim, Gunbjørg Matre, Jane Mydland, Oddrun Støle, Lars Reidar Monsen og Aud Jorunn Baustad.

Etne 8.april 2020
Aud Jorunn Baustad



Hovudmål for opplæringa:

«*Lær den unge vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han blir gammal!*»

0 år Dåps-samtale/dåp: 36 av 31 born (116%) 6 barn blei døypt i Etne som ikkje er tilhøyrande soknet. 2 barn har hatt dåpssamtale, men vart døypt i eit anna sokn.

0 – 1 år Babysong: 31 barn av 31 (100%) møtte. Samlingane har vore i Etne kyrkje.

2 år: Krølletreff og småbarnssong med utdeling av Mi kyrkjebok 2: 8 av 37 born (30%). Samlinga var i kyrkja i Etne. Bibelforteljing med enkel dramatisering. Småbarnssong, og vandring inne i kyrkja på leit etter lammet som hadde gått seg bort.

3 år Familietur i Skånevik: Ikkje gjennomført grunna for lite påmelde.

4 år: Familiegudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 4 og «miniskule» - 4 samlingar: 21 av 32 born (66%) møtte på familiegudsteneste. Av desse tok 16 born del i «miniskule».

5 år: Kyrkjerottene 19 av 19 born (100%) fekk tilsendt DVD av kyrkjerottene i posten.

6 år: Dåpsskule og familiegudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 6: 14 av 31 born (45%) fekk bok. Av desse var 8 born med på dåpsskule.

8 år: Tårnagentar i Gjerde kyrkje: 17 av 39 born (44%).

9 år: Julegåveverkstad på sørstranda. KM karane v/Jens Håkon Horneland legg til rette og tek ansvar for praktisk gjennomføring. 12 av 25 born (48%) oppslutning. På dette tiltaket er det plass til 16 barn. Det er dermed 12 barn av 16 mulige som er med på dette tiltaket.

10 år: Utdeling av Teikneseriebibel og «Vandring gjennom Bibelen» (samarbeid skule- kyrkje): 13 av 26 born (50%) møtte opp på gudstenesta og mottok Teikneseriebibelen. På førehand hadde klassen «Vandring gjennom Bibelen» på skulen. (Skule-kyrkjesamarbeid)

11 år: Lys Vaken. Borna overnattar i kyrkja frå laurdag til søndag og tek del i familiegudstenesta. 5 av 23 frå Etne (21%) og 6 av 11 frå Skånevik (55%) var med.

12 år: Minikonfirmantar i Etne kyrkje: 11 av 18 var med (61%)

15 år: Konfirmasjon: 35 av 33 ungdommar (106%) blei konfirmerte.

16 år MILK: (MiniLeiarKurs) Eit samarbeid med kyrkja i Vindafjord. Ingen frå Etne er med.

Rekneskap Etne sokneråd

		2019	2018	2017
INNTEKTER	Offer eksterne	147767,53	137 905,45	132 967,53
	Offer misjonsprosjekt	22611,23	13 359,87	10 145,00
	Fasteaksjon og julekonsert	46645,62	33 095,25	52 782,00
	Offer Kyrkjelydsarb	12959,62	15 637,50	22 036,00
	Offer B/U arbeid	25697,96	16 963,79	22 130,67
	Offer Orgel	6685,25	4 395,00	6 327,00
	Offer Etne kyrkje	0	8 564,00	
	Offer kyrkjeposten	10473,5		
	Offer Diakoni	5326,75	7 460,50	11 926,12
	innsamla v/Arrangement	22168,07	24 430,73	34 458,00
	Prosjektkor	1570,75	5 090,73	
	Inntekt v/konsert mm	21217	96 473,58	38 671,00
	Innkome Vipps (-offer)	17388,45	4 545,36	781,97
	Oppgjer dugnad	19800	19 200,00	19 500,00
	Andre inntekter	1566,12	1 091,13	1 081,00
	SUM INNTEKTER	361877,85	388 212,89	352 806,29
UTGIFTER	Vidaresendt offer	217 122,13	184 062,23	195 894,43
	Overført eige arbeid	10 473,50		
	Utgifter ved arrangement	14 826,74	27 018,04	6 021,29
	Utgifter ved konsertar mm	22 451,34	82 071,00	26 405,98
	Vipps overført andre	17 388,43	4 618,50	684,23
	Blomar	4 555,00	5 550,00	3 553,60
	Blomar diakoni	4 055,00	2 980,00	3 600,00
	Tilskot til Tol og andre	30 000,00	29 000,00	18 000,00
	Annonsering	13 777,80	12 268,00	6 656,00
	Bevertning	13 344,74	8 474,01	9 096,17
	Anna ut	1 738,83	6 794,47	2 378,00
	Overført innsaml.kto	0,00	8 564,00	14 863,00
	Reskontro nyttår	-13 785,32	0,00	-26 076,00
	SUM UTGIFTER	363 518,83	371 400,25	313 228,70
RESULTAT		-1 640,98	16 812,64	39 577,59
	Behaldning 01.januar	163 874,73	147 062,09	107 484,50
	Resultat	-1 640,98	16 812,64	39 577,59
	Bankinnskot 31.desember	162 233,75	163 874,73	147 062,09

Av saldoen 162 233,75 er desse midlane øyremerka:

Diakoni:	kr. 15 356,62
Kyrkjemusikalsk arbeid:	kr. 32 094,74
Innsamla til Orgel:	kr. 24 497,25
Barne og ungdomsarbeid	kr. 13 047,42

Rekneskapet
er revidert av
Arne Håheim og
Hans Martin Harboe

BALANSEREKNESKAP ETNE BRUKTBU 2019

INNTEKTER	2019	2018	2017	Samla frå oppstart
Inn kontant	202 536,40	247 860,00	262 174,00	
Inn terminal	350 908,00	312 907,00	354 378,00	
Anna inn	174,00	4 937,34	1 108,00	
Anna inn terminal	9 445,00			
Skuld/krav ved nyttår	6 216,72			
SUM INNTEKTER	569 280,12	565 704,34	617 660,00	4 291 913,21
 UTGIFTER				
Anna ut	25 462,64	3 500,00	7 2882,27	
Terminal anna ut	9 445,00			
Transport	4 822,00	0,00	5 768,00	
Annonsering	2 404,00	2 404,00	3 933,50	
Straum	32 513,47	27 877,90	26 127,41	
Husleige	107 400,00	104 400,00	104 400,00	
Kontorutgifter	0,00	527,00	812,20	
terminalkostnadar	11 364,85	13 548,25	14 381,26	
komm. Avgifter	1 340,00	3 771,00	4 356,00	
 SUM UTGIFTER	194 751,96	156 028,15	167 066,64	1 162 264,80
 RESULTAT	 374 528,16	 409 676,19	 450 593,36	 3 129 648,41
 BALANSE	 Innskot 01.01.	 168 120,25	 8 444,06	 107 850,70
- Overført kyrkja	500 000,00	250 000,00	550 000,00	3 385 000,00
Resultat	374 528,16	409 676,19	450 593,36	
 Innskot 31.12	 42 648,41	 168 120,25	 8 444,06	

Rekneskapet er revidert av Arne Håheim og Hans Martin Harboe.

Gjevartenesta Etne kyrkje

	2019	2018	SUM 8 år
INNTEKTER			
Fast gjevarteneste	227 150,00	239 650,00	2 096 726,00
Andre gåver	0,00	0,00	1 117 635,11
Offer/ innkome ved arr.	0,00	8 564,00	177 607,50
Innsamlingar	1 618,13	0,00	379 814,38
Stolaksjon			378 362,50
Viglsingsgåver			178 500,00
Frå Bruktbua	500 000,00	250 000,00	3 085 000,00
Komm tilskot til utsmykking	0,00	0,00	60 000,00
Renter	13 801,00	9 719,00	85 291,00
SUM INNTEKTER	742 569,13	507 933,00	7 558 936,49
UTGIFTER			
Overført til investering	250 000,00	500 000,00	5 254 234,00
Andre utgifter	0,00	0,00	287 918,75
SUM UTGIFTER	250 000,00	500 000,00	5 542 152,75
RESULTAT	492 569,13	7 933,00	
Behaldning 01.januar	1 109 751,11	769 013,11	
Resultat	492 569,13	7 933,00	
Bankinnskot 31.desember	1 602 320,24	776 946,11	
Sum gjevarteneste	227 150,00	239 650,00	2 096 726,00
Sum bruktbu	500 000,00	250 000,00	3 085 000,00
Andre innsamla midl	1 618,13	8 564,00	2 231 919,49
Sum innsamla	728 768,13	498 214,00	7 413 645,49

Kyrkja i Etne og Skånevik 2019

Gjevarteneste barne og ungdomsarbeid

Behaldning 01.01.19	575 082
Gåver Etne	23 800
Gåver Skånevik	3 200
Innskot Tjelflåts minnefond	87 473
Renter	5 288
Overført til b/u arb	-20 000
Uttak Skånevik	-17 992
Sum Saldo 31.12.19	656 851

Etne	
Saldo 01.01.19	465 682
Innskot 2019	23 800
Ut	-10 000
Renter	3 891
SUM saldo 31.12.19	483 373

REKNESKAP KYRKJEPOSTEN

	2019	2018	2017
INNTEKTER			
Gåver	12 067,87	3 537,65	1 295,50
Annonsar	16 500,00	27 000,00	4 000,00
frå sokneråda	9 000,00	9 000,00	0,00
Takkoffer	10 473,50		
Renter	3,00	3,00	3,00
SUM INNTEKTER	48 044,37	39 540,65	5 298,00
UTGIFTER			
Trykking	32 250,00	31 525,00	6 600,00
Utkøyring	12 000,00	9 000,00	0,00
Ved nyttår	-1 319,25	0,00	0,00
SUM UTGIFTER	42 930,75	40 525,00	6 600,00
RESULTAT	5 113,62	-984,35	-1 301,50
BALANSE	Innskot 01.01	4 302,80	6 588,65
	Resultat	5 113,62	-1 301,50
	Innskot 31.12	9 416,42	5 287,15

Årsrapport Etne kyrkjelege fellesråd 2019

Rammeområde: DEN NORSKE KYRKJA

Delrammeområde: ETNE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Dagleg ansvar: KYRKJEVERJA

Målgruppe: Alle innbyggjarar i Etne og Skånevik sokn

Overordna mål for kyrkja i Etne:

Kyrkja i Etne skal vera ei vedkjennande, misjonerande og diakonal kyrkje.

I forkynning, opplæring og omsorgsteneste er målet at menneska skal koma til tru på Herren Jesus Kristus, og finna sin plass i eit frigjerande og forpliktande fellesskap i kyrkjelyden, og der møta utfordringa i eit liv i teneste for Gud og menneske. Saman vil me gjera Kristur kjend, trudd, elskar og etterfølgd!

Tilleggsmål for Etne Kyrkjelege fellesråd:

Ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna. Utarbeida mål og planar for den kyrkjelege verksemda i Etne kommune, fremja samarbeid mellom sokneråda og ta vare på sokna sine interesser i høve til kommunen (kyrkjelova §14). Forvalta kyrkjegardar og bygg med orden og vyrnad, og i samsvar med gjeldande lover og vedtekter (gravferdslova §14)

Leggja tilhøva til rette for at arbeidet med gudstenester, kyrkjelege handlingar, kyrkjemusikk, trusopplæring og diakoni kan inspirera kyrkjelyden til aktiv deltaking i kyrkja sitt «liv».

Aktivitet:

Det vert gitt årsmelding for Etne og Skånevik sokneråd.

Vidare har me kyrkjeleg årsstatistikk.

Desse gjer utrykk for aktiviteten til kyrkja.

Fellesrådet har hatt 6 møte, og handsama 50 saker.

Kyrkjebyg og inventar:

Det har vore lite vedlikehald dette året. Det har vore arbeidd med planar for brannsikring og restaurering av taket på Stødle kyrkje. Arbeidet skal utførast i 2020.

Kyrkjegardane:

Det er eit stort behov for utviding av gravplassane i kommunen. Kravet er at ein skal ha ledige graver tilsvarande 3% av befolkninga. Dette har me ikkje i dag, me oppfyller dermed ikkje beredskapskrava.

I Skånevik er forprosjektet for utviding av kyrkjegarden på plass. Det er kommunen som har saka, men det står stille og er ikkje kome i gang.

Vedlikehaldet av kyrkjegardane var så bra som det var mogeleg å få til med ei ressursane kyrkja hadde til dette føremålet i 2019.

Det er sendt ut krav om festeavgifter, og inntekt på desse i 2019 var kr. 307.000.

I 2019 var det 27 gravferder i Etne og Skånevik sokn.

Økonomi

Driftsrekneskapet er ikkje ferdig avslutta, og me veit ikkje korleis resultatet vert før KLP/pensjon er ferdig utrekna. Det ser ut til å gå med underskot.

Personale

Det har ikkje vore nokre endringar i personalet tilsett av Fellesrådet i 2019.

Utfordringar og utvikling:

Utfordringane vert langt på veg dei same som dei har vore dei seinare år, men det er og kome nye til som ein vil arbeida vidare med framover:

- Restaurering av taket på Stødle kyrkje, i samråd med Riksantikvaren
- Installering av brannvarsling og automatisk sløkkjeanlegg Stødle kyrkje.
- Utbetra det elektriske anlegget, medrekna oppvarming i kyrkjene.
- Gravplasskapasiteten i høve beredskapsplanen
- Fortsetja med vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halda kyrkjegardane fine til glede for besøkjande og sørkjande.
- Kontinuerleg arbeid me HMT

Ikkje gløyma det overordna målet for kyrkja i Etne - Saman vil me gjere Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd!

Etne kyrkjekontor, 25.02.2019

Aud Jorunn Baustad

Reidar Leknes

Kyrkjeverje

fellesrådsleiar

Statistikk

Handlingar	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal gudstenester på søn. og helligdager	51	53	52	53	55	52	56
Tal deltagarar på desse	4569	6246	5549	5391	5776	5147	5738
Døypte	37	26	34	36	37	27	36
Konfirmantar	38	41	45	27	47	29	35
Vigsler	8	6	11	8	7	7	4
Gravferder	24	25	44	21	25	17	19
Tal på nattverdsgjestar i gjennomsnitt.	41	48	30	44	40	39	43
Innsamla kollekt	238 965,-	238 903,-	201 608,-	191 712,-	204 207,-	204 286	231 522
- Av dette til eigen kyrkjelyd	118 793,-	84 951,-	50 108,-	23 086,-	51 460,-	53 021	61 143
Fast gjevarteneste	347 850,-	318 700,-	300 100,-	205 750,-	254 300,-	239 650	244 450
Innsamla ved andre arrangement og konsertar	572 577,-	37 348,-	24 418,-	38 684,-	85 530,-	50 002	53 057
Av dette til eige arbeid	532 500	0	4 561,-	17 276,-	17 863,-	16 907	6 412
Tal frivillige medarbeidarar	100	65	64	70	80	76	96

Desse tala er henta frå årsrapporten til SSB. Det vert rekna litt ulikt i forhold til kor
gudstenesta har vore, og om det er på søndag og helgedagar eller ikkje. Her har me kun tatt
med søndag og heldag.